

Vedlegg til rammenotat Globalt samlingsansvar

Oversyn over Kulturhistorisk museums etnografiske samlingar, antikksamlinga og myntsamlinga

Dei etnografiske samlingane

Dei etnografiske samlingane er til saman på om lag 50 000 gjenstandar. Gjenstandar og samlingar har kome til museet gjennom gåver, kjøp, sal og byttehandel og har blitt kjøpt frå samlarar og forhandlarar. Givarar har vore misjonærar, embetsmenn, handelsfolk og oppdagargar, til dømes legen Inge Heiberg (1861–1920) (gjenstandar frå Kongo), ekspedisjonsleiaren Roald Amundsen (1872–1928) (Canada), misjonær Paul Olaf Bodding (1865–1938) (Santalistan, India) og oppdagaren Carl Lumholtz (1851–1922) (Mexico og Borneo). Museets tilsette og andre fagfolk har og vore aktive innsamlarar.

Størstedelen av samlingane blei bygd opp frå midten av 1800-talet og fram til midten av 1900-talet. Det har skjedd tilvekst og komplettering også seinare, og skjer også i dag, t.d. gjennom kjøp, gåver og i tilknytning til forskning, utstillingar og anna formidling.

Nedanfor blir det gitt ein presentasjon av store delar av samlingane. Presentasjonen er imidlertid ikkje fullstendig. Museet har samlingar og gjenstandar frå andre stader, av andre typar og knytt til andre innsamlarar og givarar enn dei som er nemnd her.

Samlingane har tradisjonelt blitt inndelt etter geografi. Denne inndelinga ligg også til grunn for presentasjonen her. Samstundes vil eit utval sentrale innsamlarar og givarar bli løfta fram.

Afrika

Store delar av samlinga frå Afrika består har kome til gjennom donasjonar frå misjonærar og personar som arbeidde for koloniadministrasjonar eller innanfor skipsfart. Også diplomatar og bistandsarbeidarar har bidrege. Samlinga inneheld også materiale innkjøpt og innsamla gjennom antropologisk feltarbeid. Gjennom dette er Afrika-samlinga heile tida i svak vekst.

Dei fleste områda og nasjonalstatane på kontinentet er representert. Hovudtyngda er frå Sentral- og sørlige Afrika. Dei mest omfattande delsamlingane er frå Kongo, Republikken Kongo, Madagaskar og Mali. Regionane som er dårlegast representert, er Indiske hav og det nordlege Afrika.

Samlinga inneheld etnografiske gjenstandar innanfor ulike kategoriar: keramikk, korgarbeid, reiskaper frå jordbruks- og gjetarsamfunn, kjøkkenutstyr, særleg krukker og sleiver, tekstilar, smykke i ulike materiale og metall, våpen, masker, amulettar og fetisjar, rituelle- og medisinske paraferalia, seremonielle gjenstandar og ulike typar skulpturar. Samlinga inneheld også nåtidige marknadsvarer og turistsuvenirar. Museet har også ei samling handskrivne gamalkoptiske biblar. Samla sett uttrykker samlinga det afrikanske kontinentets mangfald og historiske kontaktflater. Den inneheld gjenstandar som representerer daglegliv, tru, estetikk og politiske og sosiale tilhøve. Sett i samanheng med kunnskap om gjenstandar, bruksområde og samfunnsliv kan samlinga nyttast til å utvikle og formidle kunnskap om livsform og produksjonstilhøve, handverk og kunststartar samt religion og moral slik at nye spørsmål og problemstillingar kan bli utforska.

Mange av gjenstandane, t.d. frå Sentral Afrika og Kongo, kan vere interessante med tanke på forskingsformidling, og også for ulike opphavssamundn ut frå eit kulturarvperspektiv. Gjennom betre tilgjengeleggjing og formidling på nett vil ein kunne leggje til rette for samarbeid med ulike

kongolesiske miljø og for kunnskapsproduksjon gjennom forskning og innhenting av meir informasjon om samlingane (som er relativt dårlig dokumenterte).

Sentrale innsamlarar fordelt på område:

Sør-Afrika - Zulu

Misjonær Jan Kielland donerte i åra 1907–13 ei samling våpen (spyd og skjold), sovematter, musikkinstrument, husgeråd, inkludert behaldar og skei, smykke/amulettar, korgar, nakkestøtte (innsamla 1866–1874).

Misjonær Martinius Borgen donerte i 1928 ei samling som omfattar drakt, husgeråd, inkludert korgar og skeier.

Ingeniørane Harald S. Hansen og Tønnesen donerte 1907–13 ei samling piler, behaldar, husgeråd, inkludert kalabasar, armringar og smykke frå Ovambo og Herero.

Desse historiske samlingane i kombinasjon med gjenstandar som er innkomne i seinare tid, syner estetiske og praktiske handverkstradisjonar blant zulu-folket i Sør-Afrika.

Vest-Afrika.

T. Thomassen, som arbeidde for eit afrikansk handelsselskap, donerte i perioden 1870–1904 gjenstandar innsamla frå Sierra Leone, Senegal og Liberia: vev, teppe, mansdrakt, figurar, fetisj, kauriskjell (betalingsmiddel), smykke/amulettar, snusdåsar, Qur'an-tavler og husgeråd, inkludert leirkar.

Misjonær Enok Berglund donerte (1928–30) kano, krigsutstyr, korgar og teppe frå Liberia.

Medisinaldirektør Inge Heiberg kjøpte afrikanske gjenstandar frå Museum Umlauf, Hamburg, som han seinare donerte til museet, mellom anna fetisjar m.a. frå Ashanti og ein høvdingstol frå Dahomey/Benin.

Grosserar F. Peterson kjøpte gullvektlodd frå Ashanti i London (1936–37) og donerte dei til museet.

Museumsdirektør/styrar Yngvar Nielsen kjøpte (1920–1923) inn Vestafrikanske etnografika frå Museum Umlauf i Hamburg: fetisjar frå Ashanti, tryllemiddel/ lækjegjenstandar frå Togo, bronsefigurar (hovud, maske og hane) frå Benin.

I 2001–2003 kjøpte antropolog Alfhild Birkeland, saman med stipendiatane Mariann Komissar og Elisabeth Wælgard Steen inn tekstil, smykke og i hovudsak marknadsvarear frå Dakar, Senegal). Innkjøpa blei gjort i samband med utstillinga «Made in Africa – Markedsliv i Vest-Afrika».

Kongo/Belgisk Kongo

Museumsstyrar Yngvar Nielsen kjøpte i perioden (1890–1908) frå private samlarar mellom anna kvinnedrakt, rafia-matter, musikkinstrument, smykke, betalingsmiddel, kalabass, korgar, spyd.

Medisinaldirektør Inge Heiberg donerte i perioden 1903–1920 ei stor samling etnografika frå Kongo.

Samlinga inneheld mellom anna Qur'an tavle, figurar, fetisjar, stråmatter, elfenbein-armringar, hovudpynt, betalingsmiddel, korgar, leiker, praktstolar, våpen/reiskap og musikkinstrument.

Kaptein/kommandant Hans Fredrik Sundt donerte i 1906 om lag hundre gjenstandar frå Bangala-regionen til museet: Blant desse er fleire fetisjar, og ikkje minst prakt-dronningkrakk/stol, som kom til museet noko seinare (1909).

Misjonær Sveinung Moen donert i 2002 rituelle gjenstandar knytt til lækjerritualet/slangeritualet i Mongwande-samfunnet samla inn i 1950-åra då han og kona, forfattaren Erna Moen, arbeidde som babtist-misjonærar i Kongo. Samlinga, Mongwande samfunnet og ritualet føremåla inngår i, er godt dokumentert av Moen, mellom anna i boka *The Mongwande Snake Cult*.

Sosialantropolog Espen Wæhle samla i 1980-åra, i samanheng med eit feltarbeid blant Mbuti-folket i Ituri-skogen, inn mellom anna barkteppe, -tøy og tekstil.

Aust-Afrika

Museumsstyrar Yngvar Nielsen kjøpte i perioden 1877–1916 inn sølvsmykke, amulettar, stol/krakk, behaldar/kar, røykelseskar, hestosal, -seletøy, -beisel, bønnekjede/tasbih og våpen frå Somaliland. Samlinga inneheld gjenstandar typiske for eit nomadisk samfunn.

Oppdagar og antropolog Adrian Jacobsen donerte i 1911 ei samling våpen, korgar og sølvsmykke frå Somaliland. Denne samlinga har klar samanheng med museumstyrar Yngvar Nielsens innkjøp frå same område.

Ingeniør og underguvernør i Lamu (Kenya), Jens J. Andersen, donerte i 1903 ulike gjenstandar (husgeråd, smykke av skinn, fiber, skjell, glasperler og våpen) frå masai-folket i Kenya. Desse gjenstandane er typiske for masai-estetikk og leveskikk.

Antropolog Kjersti Larsen utførde på 2000-talet innsamling for museet i samband med feltarbeid i Sudan. Samlinga inneheld sølvsmykke, amulettar og kvinnedrakt frå Rashaida-folket i Vest-Sudan, og viser til kvinnelege estetiske tradisjonar samt forståing av samanhengen mellom religion, Qur'an, helse og lækjing.

Leiar av Thams' gruveføretak, Harald Juell, ga i 1933 museet ei samling koptiske sølvkors, sølvsmykke, manuskript og bilete/ikonar. Samlinga uttrykker den koptiske religionens historiske plass i etiopiske samfunn.

Anne Ruden, bistandsarbeidar i Etiopia (1992–1994), donerte ein gamalkoptisk, handskriven bibel frå ca 1750 til museet. Donasjonen supplerte museets samling av tre andre gamalkoptiske biblar frå Etiopia, antakeleg innkjøpt av museumsstyrar Ole Martin Solberg frå Edw. Goldstone i London i 1934. Samlinga av dei fire biblane har stor interesse frå forskarar, særleg teologar.

Madagaskar

Misjonær Martinius Borgen donerte (1872–75) ei stor samling til museet mellom anna av musikkinstrument, matter/tekstilar, smykke, skåler, korgar og manuskript og foto.

Misjonærane Rosaas og Lindøe donerte i 1877 og 1880 leirkrukker og skeier, samt ei rad fetisjar og amulettar som dei hadde samla medan dei var på Madagaskar.

Misjonæren Bjørn Elle donerte i perioden 1900–1925 ei omfattande samling til museet. Elle var misjonær på Madagaskar frå 1893 til 1925. Samlinga inneheld i tillegg til korgar, leirkrukker, behaldarar, tekstil, spelebrett og smykke, ei stor samling amulettar, tryllemedel, figurar/fetisj. Gjenstandane kjem frå ulike område: Vangaindrao, Farafangana, Taisaka, Tanala og Taivondro.

Misjonsprest O. Aarnes donerte i 1907 ei samling tryllemedel frå Sakalava-samfunnet, innsamla i samband med misjonsverksemd.

Misjonsprest L. Wiig donerte i 1908 ei samling tryllemedel han hadde samla inn under sitt virke på Madagaskar.

Misjonærane L. L. Wetterstad og K. Lindøe donerte (1908–11) ei rekkje figurar prega av europeisk påverknad.

Nord-Afrika

Professor og museumstyrar Ole Martin Solberg og konservator E. Kvaalen samla i 1925–26 inn ei betydeleg samling keramikk frå Tunis og Alger, antakeleg i hovudsak frå Berbar-samfunn.

Midtausten

Samlingane frå Midtausten er ikkje så omfattande. For nokon år tilbake blei det kjøpt inn ei samling på 40 eldre brudeteppe laga av kvinner frå nomadiske folkegrupper i Irak, i områda mellom Eufrat og Tigris i grenseområda mot Iran. Som følgje av at disse sumpområdene ble drenert under Saddam Hussains regime, er den tradisjonelle livsforma i disse områdene sidan gått i oppløysning. Av gjenstandar frå Iran/Persia har museet penneskrin, pennal, etui, knivar/dolkar og krukker, alle med vakker utsmykking. Gjenstandar frå Tyrkia er hovudplagg og ring. frå Kaukasus ein del knivar/dolkar, frå Jemen skotøy, ridesal, amulett og blyantteikningar av landskap., frå Palestina gravstein/gravinnskrifter, frå Syria ei samling glasvasar og -krukker

Sør-Asia

Samlingane frå Sør-Asia omfattar bøker og handskrift, maleri, tekstilar, tre- og metallgjenstandar, samt ei betydeleg mengde arkeologiske gjenstandar. Samlingane frå Tibet og India er relativt store, medan samlingane frå Nepal, Bhutan og Sri Lanka er mindre. Pakistan og Bangladesh er som område/land nesten ikkje representerte i samlinga. Samlingane har kome til museet gjennom gåver, donasjonar av dødsbu o.l., systematisk innsamla materiale og innkjøp frå auksjoner og forhandlarar, størstedelen i perioden 1900–1940, men noko materiale er eldre, gjenstandsnummer UEM143, ein mannsfigur i leire som representerer ein indisk folketype, kom til museet i 1850-åra, andre gjenstandar har kome inn i dei aller siste åra.

Den største systematiske samlinga frå regionen er santalsamlinga (frå Jharkhand og West-Bengal) innsamla og donert av misjonær for Santalmisjonen Paul Olaf Bodding i perioden 1903–1934. Denne samlinga er på noko over 1000 etnografiske og omlag 4700 arkeologiske gjenstandar. Den dekkjer dei fleste livsområda innanfor santal-samfunnet. Den inneheld husgeråd, smykke, klede, våpen, rituelle gjenstandar osb. og blir rekna for å vere den best dekkande i verda av materiell kultur frå dette samfunnet. Samlinga er svært godt dokumentert av Bodding, som hadde god kjennskap til alle delar av santalsk kultur.

Ei anna, relativt omfangsrik, samling, cirka 285 gjenstandar, blei donert av den britiske dommaren Fredrick Hunt i perioden 1902–1920. Hunt, som var gift med ei norsk kvinne, arbeidde i det britiske protektoratet Travancore (del av nåverande Kerala). Samlinga omfattar hovudsakleg bruksgjenstandar og religiøse figurer frå dette området. Samlinga er lite systematisk.

Museet har elles mellom anna ei samling frå Assam i Nordaust-India. Samlinga er på anslagsvis eit par hundre gjenstandar, innsamla i 1990-åra av tekstilkunstnaren Elisabeth Medbøe i samarbeid med museet til utstillinga «I regnskogens skygge». Ein vidare dokumentasjon av denne samlinga, som ein reknar for å vere av stor kulturell verdi for Karbi-folk i Assam, vil kunne vere interessant. Det er etablert kontakt med organisasjonen Centre for Karbi Studies i Assam om samarbeid om dokumentasjon av tekstilane i samlinga.

Samlingane frå Tibet inneheld til saman 5–600 gjenstandar. Ein vesentleg del av desse kom til museet i 1901 og 1910 gjennom misjonær og Tibet-forskar Theo Sørensen (1873–1959). Interessante gjenstandar er mellom anna ei gruppe thanka'er (religiøse bilete på tekstil). Ein annan del av Tibet-samlinga (omlag 250 nummer) er ein donasjon frå Paul Olaf Bodding, som kjøpte gjenstandane i Darjeeling (India). Det dreier seg mellom anna om religiøse skrifter, både trykk og handskrifter. Dette materialet har aldri blitt gjennomgått av kompetent personale. Tibet-samlinga inneheld elles omlag 160 gjenstandar innsamla av den tyske Tibet-forskaren Siegbert Hummel (1908–2001). Desse gjenstandane blei overført til museet frå Instituttet for sammenlignende kulturforskning i 1990-åra.

Til Sør-Asia-samlinga høyrer også maleri, teikningar og kart etter Peter Anker (1744–1832) som var guvernør i den danske kolonien Trankebar på sørkysten av India frå 1786 til 1808. Samlinga inneheld i overkant av 140 gjenstandsnummer. De fleste maleria er malt av Anker sjølv og er frå Trankebar-området. Samlinga inneheld også kart og teikningar frå andre delar av India og Ceylon. Ein vesentleg del av Peter Ankers totale samling, dei fleste gjenstandane, er på Nasjonalmuseet i København.

Aust- og Sør-Asia

Hovuddelen av samlingane frå dette området kjem frå Borneo, Japan, Kina og Thailand. Samlingane har ei viss breidd, men kan bare i nokon grad seiast å vere representative for desse landa. Frå Kina har museet mellom anna våpen, drakter, musikkinstrument, båtmodellar, keramikk (mellom anna arkeologiske gjenstandar frå Han- og Tang-dynastiet), porselen, jade- og elfenbeinsarbeid, måleri, teikningar, metallarbeid mm. Samlinga etter journalist og redaktør Bruno R. A. Navarra

(1860–1920), innkom i 1895 og inneheld mellom anna våpen, (modellar av) straffereiskaper, keramikk frå Shiwan-området, drakter, modellar, gudebilete mm. Misjonslege R. J. Nilsen ga i 1911 museet ei lita samling etnografika frå provinsen Hunan. Misjonsprest Johan Torset ga i 1957 museet ei samling av først og fremst keramikk.

Vidare kan nemnast handelsmannen og oppdagaren Oscar Mamens (1885–1951) samlingar (fotografi og gjenstandar) frå Mongolia. Mamen var i Mongolia og Kina i 1920- og -30-åra. Mamens fotografi og feltnotat, produsert delvis saman med Cambridge-antropologen Ethel Lindgren, er verdskjende. Også musea Peter the Great etnografiske samlingar i St. Petersburg og Cambridge Museum of Archaeology and Anthropology (MAA) har store fotosamlingar etter Mamen. Sidan 2017 har 8000 Mamen-fotografi blitt digitalisert og lagt inn i fotobasen. Også ein serie med manuskript, dagbøker og feltnotat er digitalisert. Museet i Cambridge, så vel som einskildpersoner og institusjonar i Mongolia og Indre Mongolia har synt stor interesse for materialet etter Mamen. Det finst stor interesse for publisering av fotografia, og for ulike typar samarbeid knytt til samlingane frå Mongolia.

Japan-samlinga består av keramikk, våpen, tempelutstyr, lakkarbeid, netsuke, teikningar og modellar, dokker mv. Sentrale givarar er diplomaten og samlaren Finn Koren (1875–1966) og sjømann mm Oliver Smith (Halvor Halvorsen). I 1880-åra donerte Smith ca 450 gjenstandar til museet, mellom anna keramikk og porselen som det i dag er betydeleg interesse for frå forskarar. Professor Arne Røkkum ved Kulturhistorisk museum, samla i løpet av si tid ved museet ei betydeleg systematisk samling frå Ryukyu-øyane (Okinawa), de fleste objekta med rituell mening. Mange av desse gjenstandane blei laga spesielt for museet.

Kaptein Theodor Rings (1888–1932) samling benjarong-porselen frå Thailand innkom i 1904 og består av i underkant av 200 gjenstandar (bollar, krukker, stettefat mm) laga i Kina på 17- og 1800-talet, på bestilling frå det siamesiske kongehuset. Om lag 40 gjenstandar frå same samlinga er hos Nasjonalmuseet. Samlinga er den einaste kjende utanfor Thailand av denne typen porselen. Oppdagaren Carl Alfred Bocks (1849–1932) samling frå 1880-åra av etnografika frå Thailand og Laos inneheld buddhafigurar, porselen, drakter, smykke mm. Samlingar etter Bock er elles å finne ved ulike museum i London.

Samlingane frå Sør- og Aust-Asia er ikkje utstilt eller formidla på annan måte av museet i dag. a er ikkje utstilt eller formidla på annan måte av museet i dag. Det internasjonale tidsskriftet *Arts of Asia* ga i 2019 ut eit eige temanummer om Kulturhistorisk museums samlingar frå Aust-Asia (https://www.artsofasianet.com/back_issues/back_issue.php?issue_code=2019_may_jun).

Indonesia

Eventyraren og oppdagaren Carl Lumholtz' samling frå Borneo utgjer størstedelen av museets materiale frå Borneo. Den er ei av dei mest omfangsrike av dei etnografiske samlingane og inneheld omlag 1300 gjenstandar. Den inneheld også dagbøker og fotografi. Samlinga er mangfaldig og kan t.d. i dag ha stor verdi for Dayak-folk på Borneo. Kulturhistorisk museums samling er ein del av ei større samling. The American Museum of Natural History i New York har også ei stor Borneo-samling frå Lumholtz. Samlingas aktualitet og bruksverdi vil kunne aukast gjennom samarbeid med andre museum og med folk på Borneo.

Oseania

Samlinga frå Oseania omfattar gjenstandar frå Australia, New Zealand, Polynesia, Mikronesia og delar av Melanesia, Ny Guinea og Vest-Papua. Samlinga er til saman på omlag 5000 gjenstandar, i all hovudsak innsamla før 1940, og er bygd opp gjennom kjøp og byttehandel med andre europeiske

museum (særlig tyske) og gjennom gåver frå sjøfolk, handelsfolk og andre. Mange av desse gjenstandane er det relativt lite dokumentasjon av.

Museets styrar Yngvar Nielsen (1877–1916) søkte aktivt å utvide og komplementere samlinga gjennom kontakt med utanlandske innsamlarar, forhandlarar og institusjonar. Etterfølgjaren, Ole Solberg (1879–1946), gjorde fleire innkjøp på auksjonar og hos forhandlarar av etnografika i Tyskland og England. I dei seinare tiåra har tilveksten relativt liten. Noko innsamling har funne stad i tilknytning til feltarbeid eller andre lengre opphald i regionen.

Den australske samlinga inneheld i underkant av 700 nummer, mellom anna spyd, knivar, skjold, bumerangar, smykke, kastetre, churingaar, maleri og korgar. Nokre av gjenstandane kom til museet i samband m verdsutstillinga i Crystal Palace i London i 1855, nokre er kjøpt i Hamburg eller London og nokre er gåver. Viktige innsamlarar i Australia er biologen Knut Dahl (1871–1951) og etnografen Johannes Falkenberg (1911–2004). Samlinga etter Knut Dahl er frå feltarbeid i Arnhem Land i området rundt Daly River i Nord-Australia og Roebuck Bay i Vest-Australia i 1890-åra. Naturhistorisk museum har også samlingar etter Dahl. Samlinga inneheld gjenstandar som vil kunne ha stor verdi for identitet og historie for urfolk i området. Museet har også arkivalia, fotografi og dagbøker etter Dahl, noko som utgjer ein viktig kontekst, ikkje minst i lys av samlingas alder.

Johannes Falkenberg etnografiske samling er frå Port Keats, Nord-Australia, innsamla i 1950-åra. Samlinga består av gjenstandar og fotografi og er behandla i Falkenbergs antropologiske tekster. Den har vidare verdi fordi den er etablert i samheng med det første antropologiske feltarbeidet i fagets norske historie.

Andre bidragsytarar til samlinga frå Australia er den svenske utforskaren dr. Eric Mjøberg, museet fekk i 1928 i underkant av 100 gjenstandar frå North Queensland innsamla av han, og den norsk-skotske Archibald Archer (1820–1902), som budde og arbeidde store delar av livet sitt i Australia og det sørlege Stillehavet.

Andre innsamlarar og samlingar frå Oseania:

«Konsul» Fredrik Rings (1795–1872) samling av 32 gjenstandar frå New Zealand og øyane i Polynesia. Gjenstandane blei innsamla medan Ring dreiv handel i Valparaiso i Chile. Gjenstandane held høg kvalitet og blei donert til Universitetet i 1833, 24 år før etableringa av Etnografisk Museum. Det er m.a. skriven ein masteroppgåve om Ring og om samlingas historie (Dag F. Kopperud, *Ring-samlingen ved Kulturhistorisk museum i Oslo – En historisk undersøkelse* (2012))

Kaptein Peter Arups samling frå Rapanui (Påskeøya) blei innsamla i samband med at han frakta franske misjonærar til øya i 1869. Samlinga er interessant m.a. fordi den er innsamla tidleg i Rapanuis kontakthistorie. Det vil kunne vere stor lokal interesse for den: Rapanuis folk er svært opptatt av eigen kulturarv og identitet som polynesiarar. Samlinga vil også kunne vere interessant fordi nokon av gjenstandane seinare ble utveksla med gjenstandar frå tyske samlingar og slik sett er delt mellom fleire institusjonar.

Dr. Ludwig Kohl-Larsens (1884–1969) samling frå Karolineøyane kom til museet i 1919. Samlinga er svært omfangsrik og vil kunne vere av stor interesse for opphavsfolk i Mikronesias Foreneede Stater. Samlinga kan også ha interesse i kraft av å vere anlagt av ein seinare nazist og raseideolog, gift med Margit Larsen, dotter til grunnleggjaren av fangsstasjonen Grytvika på Sør Georgia. Under ein vitskapleg ekspedisjon i 1934 til Tysk Aust-Afrika oppdaga Kohl-Larsen den tidlege menneskearten *Australopithecus afarensis*, men utan å forstå funnets betydning.

Botanikaren og geografen Erling Christophersens (1898–1994) samling frå Samoa blei innsamla i samanheng med eit botaniske feltarbeid tidleg i 1930-åra. Christophersen var seinare konservator for utanlandsherbariet ved Universitetets botaniske museum. Samlinga kan, ved sida av å gje eit tidsbilete av materiell kultur i mellomkrigstidas Samoa, vera eit interessant utgangspunkt for samarbeid med Naturhistorisk museum.

Sosialantropologen Arve Sørums (1945–) samling frå Bedamini-folket på Papua Ny Guinea frå tidlig i 1970-åra er fokusert på initiasjonsrituale og er samla inn svært tidleg i denne folkegruppas kontakthistorie med den moderne omverda. Den er godt dokumentert både i katalogen og gjennom Sørums publikasjonar. Det finst også eit stort fotomateriale om bruk og tyding av gjenstandane som potensielt vil kunne ha stor verdi for opphavsfolket.

Sivilingeniør Øystein Linges samling frå Asmat-folk i Vest Papau tidlig i 1970-åra er omfattande og kan ha verdi i lys av at den er samla tidleg i ein prosess som opna kunstverdas interesse for Asmat-folks materielle uttrykk og gjorde dei attraktive på marknaden for 'primitiv kunst'. Samlinga kan venteleg opne for samhandling med kunstprodusentar blant Asmat-folk i Indonesia og med andre europeiske museum som har samlingar av Asmat-kunst.

Museet har vidare ei samling av masker, skulpturar og andre rituelle gjenstandar frå Bismarckøyene og Ny Irland i Papua Ny Guinea. Desse gjenstandane er komne inn gjennom gåver frå reisande nordmenn, kjøp, byttehandlar med dublettar mv. Mange av desse gjenstandane kan seiast å vere svært «utstillingsvenlege» og er knytt til kulturtradisjonar (så som Malagan-komplekset frå Tombara på Ny Irland) som har fått mykje merksemd i utstillingar i andre europeiske etnografiske museum.

Arktis

Samlinga frå Arktis er til saman på om lag 10 000 gjenstandar, av desse om lag 4500 frå Grønland, 1500 frå Canada, 1000 frå Alaska og ei tal frå Sibir/Russland

Dei samiske samlingane

I samband med verdsutstillinga i London i 1851 fekk Universitetet ein førespurnad om å skaffe samiske gjenstandar til utstillinga. Gjenstandar innsamla ved det høvet, kopiar av dei og gjenstandar frå andre delar av verda, som Universitetet fekk i bytte mot dei samiske gjenstandane var sentrale i arbeidet med å etablere eit etnografiske museum ved Universitetet. I Yngvar Nielsens styrarperiode (1877-1916) auka den samiske samlinga i omfang til over 1200 objekt. Den sentrale samlaren var Finnemisjonens reisesekretær Bertrand M. Nilsen, som frå byrjinga av 1900-talet og fram til midten av hundreåret medverka meir enn nokon annan til oppbygginga av den samiske samlinga. Av innsamlarar kan også nemnast (seinare styrar) Ole Solberg som samla inn om lag 400 gjenstandar frå Finnmark i 1907.

I 1957 blei Etnografisk museums samling av samiske gjenstandar frå Norge deponert hos Norsk Folkemuseum. Kulturhistorisk museums samling av samiske gjenstandar består i dag av samiske gjenstandar frå andre land (Sverige), einskilde kopiar og gjenstandar samla inn i den siste 50-årsperioden (t.d. av Tom G. Svensson).

Grønland

Hinrich Johannes Rinks (1819–1893) samling av fotografi, skisser og akvarellar av den grønlandske fangstmannen, folkeminnesamlaren og biletkunstnaren Aron frå Kangeq (1822–1869). Rink var geolog, administrator og folkeminnesamlar på Grønland i 1850- og -60-åra. Rinks samling kart m.v. er i Nationalbiblioteket i København.

Andre samlingar frå Grønland er ei samling frå den danske marineoffiser Gustav Frederik Holms (1849–1940) ekspedisjon til Aust-Grønland 1883–85. Ei samling gjenstandar frå Sørøst-Grønland blei kjøpt av Yngvar Nielsen i 1910 av det Grønlandske Handelskompani i København. I 1922 kjøpte museet fleire gjenstandar frå dette området frå Johan Petersen (1867–1960), styrar ved handels- og misjonsstasjonen i Angmagsalik i perioden 1894–1916.

Canada

Netsilik-samlinga, innsamla av Roald Amundsen i løpet av Nordvestpassasje-ekspedisjonen 1903–05, er på om lag 700 gjenstandar frå området ikring øya Qikiqtaaluk (King Williams Land) i Nordaust-Canada. Samlinga er gjort tilgjengeleg i ein eigen nettportal, www.khm.uio.no/gjoahaven/, utvikla i samarbeid med Nunavut-samfunnet (the Hamlet of Gjoa Haven i Nunavut) i Canada, og kultursenteret (Nattilik Heritage Centre). I 2013 blei 16 gjenstandar overført til Gjøahamn og er utstilt der. Målet med overføringa av desse gjenstandane var ikkje minst å legge til rette for samarbeid, kunnskapsutveksling, og relasjonsbygging over tid. Det har blitt gjort dokumentasjonsarbeid, språkomsetjing, digitalisering og nyinnsamling av gjenstandar. Og det har vore besøk og gjenbesøk. Det har funne stad arbeidsmøter, diskusjonar mv. Nettportalen blei lansert i 2017, og har seinare blitt utvikla m.o.t. innhald, utforming og funksjonar, også med tanke på å tene som mønster for deling av andre samlingar. Prosjektet er framleis i utvikling. Øvst på lista står nå å invitere eldre frå Gjøahamn til Oslo for å dokumentere og diskutere gjenstandane her.

Museet har også gjenstandar frå Canada innsamla av oppdagar, forfattar og jurist Helge Ingstad (1899–2001) og oppdagar og skipskaptein Adrian Jacobsen (1853–1947).

Sibir

Harald U. Sverdrups (1888–1957) samling frå Chuchotka i Aust-Sibir (tsjuktsjer-samlinga), innsamla under Roald Amundsens Maud-ekspedisjon (Nordaustpassasjen) i åra frå 1918 og framover, er omfattande og knytt til hendingar av nasjonal interesse i Norge (polarekspedisjonar). Den har eit potensiale til samarbeid med kulturinstitusjonar i opphavsområdet heilt nord og aust i Sibir.

Den tyske handelsmannen Adolf Dattans (1854–1924) samling frå Orotjoni/Goldi og Nanai-folk i aust Sibir blei innsamla i byrjinga av 1900-talet. Samlinga vil kunne ha stor verdi for (dei få gjenverande) opphavsfolka i området. Den er også interessant fordi den er ein del av ei større samling. Dattan donerte gjenstandar også til Stedische Museum og Naturhistorisches Museum i Braunschweig og dei etnologiske musea i Dresden, Wien og Leiden. For Kulturhistorisk museum vil denne samlinga kunne vere av stor interesse mellom anna gjennom samarbeid med både opphavsfolk og andre museum.

Zoologen Ørjan Olsens (1885–1972) samling frå åra ikring 1. verdskrig frå sojot-folket i Nord-Mongolia (i dagens Russland) er av høg kvalitet, godt dokumentert og vil kunne ha stor historisk, kulturell og identitetsmessig verdi for dei få sojotane i dagens Russland. Samlinga inneheld ei komplett sjamandrakt som har potensial til å vere ikonisk.

Amerika

Museet har materiale frå fleire stader og regionar på kontinenta. Frå Nord-Amerika (inkl Arktis, jf. ovanfor) ca 3000–3500 gjenstandar.

Samlinga etter Marshall Maynard Fredericks (1908–1998) inneheld First Nations-gjenstandar (m.a. Sioux og Crow) frå litt ulike stader. Samlinga består mellom anna av klede, pelsverk og perler, mange iaugefallande gjenstandar med et stort publikumspotensial.

Ei delsamling av ein viss storleik frå Nord- og Mellom-Amerika er seinare styrar Ole Solbergs (1879–1946) samling frå feltarbeid blant hopiane i Arizona i 1903–1904. Den består av om lag 350

gjenstandar samt foto. Det finnes også gjenstandar etter Lumholtz frå dei same områda, mellom anna skelettmateriale (i De Schreinerske samlingar). Solbergs samling inneheld mange rituelle gjenstandar, som det vil vere interessant å undersøke nærare. Hopi-samlinga inneheld også ei mengd katsina-figurar, som er ein gjenstandstype som det er mykje merksemd ikring. Hopi-samlinga har blitt utvikla også i dei seinare år mellom anna med ny keramikk av namngjevne kunstnarar.

Museet har og samlingar frå Navajo og Algonkin.

Mellom- og Sør-Amerika

Frå Mexico, Peru og Chile har museet noen hundre arkeologiske gjenstandar som har kome til museet på ulike måtar, gjennom bytte, som gåver eller gjennom kjøp. Frå Peru er det ei arkeologisk samling krukker. Frå oppdagaren Carl Lumholtz' (1851–1922) har museet ei samling keramikk frå Mexico, som kom til museet heilt i byrjinga av 1900-talet. Ein vesentleg del av gjenstandane frå Mexico som ble gitt i gåve av Lumholtz i perioden 1901–1907, er fastslått å vera forfalskingar. Dei etnografiske samlingane frå same område har også ein variert proveniens. Dei er relativt små i omfang. Av dei mest interessante, kan nemnast den norske antropologen Henning Siverts' (1928–2001) samling på 98 gjenstandar frå Oxchujk-befolkninga i Chiapas (Mexico) og Gottfried Polykrates' samling på 97 gjenstandar frå Katxuyana-befolkninga i Brasil. Den siste er del av ein større samling som er delt mellom Nationalmuseet i København og British Museum i London. Museum für Völkerkunde (Hamburg) og fleire brasilianske museum har Katxuyana-samlingar innsamla av andre. Det er verd å nemne dette, fordi Katxuyana er ei lita urbefolkningsgruppe som nesten blei utrydda som følgje av kontakten med framande. I dag er kunnskapen om tradisjonell kultur, som dette folket kan hente frå gjenstandar på musea, svært viktig i oppbygginga av ein moderne identitet. (Sjå t.d. "Museums and indigenous memories: the collections of the Katxuyana and the contemporaneity of musealized material culture." *Museum & Society*, November 2019. 17(3) 494-509 © 2019, Adriana Russi, Astrid Kieffer-Døssing. ISSN 1479-8360)

Antikksamlinga

Museet har Norges største samling av antikvitatar frå middelhavslanda. Samlinga består av gjenstandar frå ulike middelhavskulturar frå forhistorisk tid til middelalderen. Gjenstandane er laga av ulikt materiale, marmor, bronse og andre metall, keramikk, glas, tekstilar og fragment av stukk og mosaikk.

Dei største delsamlingane er samlinga frå Egypt samt den såkalla Ustinow-samlinga. Museet har også greske, etruskiske og romerske samlingar.

Samlinga frå Egypt inneheld mellom anna mumiar, mumiekister, mumifiserte dyr, figurar av tre, bronse og keramikk, shabtiar (små statuettar og gravfigurar), brukskeramikk, gravgods, skarabear, smykke, pilspissar av flint, tekstilar og papyri. Gjenstandane er innkomne som gåver, dei fleste på 1800-talet. Det er to mumiar: Dismutenibtes kom frå Teben (Luxor), som blei donert til Universitetet i 1838 av den norsk-svenske generalkonsul i Alexandria. Den andre mumien, Nofret, kom frå Akhmim, og blei i 1889 gitt kong Oscar II av den tyske egyptologen Heinrich Karl Brugsch. Kongen ga mumien vidare til Universitetet.

Den største enkeltsamlinga frå Egypt stammer frå eit funn i Deir el-Bahri i 1891 på 150 prestemumiar. Gjenstandane blei fordelt mellom fleire europeiske land som gåver frå Abbas II av Egypt.

Frå 1878 og i tiåra framover samla eksilrussaren Plato von Ustinow (1840–1917) innskrifter, skulpturar, gravgods som glas og keramikk, og andre antikvitatar frå Jaffa-området (i

Israel/Palestina). Delar av Ustinows samling blei selt på auksjon i London i 1917. Ein av kjøparane var kunstsamlaren Johannes Sejersted Bødtker, som i 1940 donerte samlinga til Etnografisk museum. Andre viktige samlingar er ei samling etruskiske gjenstandar, ei gåve frå arvingane til den svenske kunsthistorikaren Arvid Andrén (1902–1999), og samlinga etter arkeologen Ingvald Undset (1853–1893) som samla antikvitetar i Italia i 1880-åra.

Myntsamlinga

Myntsamlinga er på om lag 250 000 einskildobjekt og er landets einaste representative numismatiske samling, dvs. med opphav i alle delar av verda og frå alle historiske periodar. Museet har vidare landets einaste numismatiske fagbibliotek og eit omfattande arkiv tilbake til 1817 relatert til forskning, utstilling og arkeologiske funn av mynt.

I 1816 løyvde Stortinget pengar for å kjøpe dublettar av antikke myntar fra Den kgl. Mønt- og Medaillesamling i København. I alt 6 000 greske og romerske myntar ble innlemma i Universitetets samlinger i 1817 som grunnstammen i Myntkabinettet. Fleire store skattefunn på 1800-talet bidro til oppbygginga av samlinga av vikingtids- og mellomaldermyntar (t.d. Hon-funnet (1834), Årstad-funnet (1836), Dæli-funnet (1840) og Gresli-funnet (1878)). Tidleg på 1900-talet blei fleire privatsamlingar donert til museet: Konsul Olaf Bronn, tollinspektør Johan Jacob Woxen, generalkonsul Fredrik Schjøth, professor Bredo Morgenstjerne og generalkonsul Guldbland Løchen bidrog med samlingar av antikke myntar, skandinaviske vikingtids- og mellomaldermyntar, og kinesiske og orientalske myntar. Katalogen over Schjøths kinesiske myntar (1937) var internasjonalt standardverk for kinesisk mynt fram til 1970- og -80-åra. Fridtjof Nansens, Roald Amundsens og Trygve Lies ordenar og medaljar kom til museet som testamentariske gåver, og er viktige bidrag til storleiken og betydinga av ordenssamlinga. Restaureringar og undersøkingar av norske stavkyrkjer i regi av Riksantikvaren i andre halvdel av det 20. hundreåret førte til store funn av myntar frå mellomalder og nyare tid under kyrkjegolva. I heile perioden har Den kgl. Mynt på Kongsberg, og seinere Norges Bank, hatt avleveringsplikt til museet for alle ordinære betalingsmidlar (myntar og setlar) produsert i Norge. I dei seinare åra har auke i omfanget av funn frå metalldetektorverksemd ført til tilvekst til samlingane.

Kulturhistorisk museum har verdas fremste samling av norske myntar, frå starten i 995 og fram til i dag. Det finst elles betydelege samlingar av norsk mynt frå 1600- og 1700-talet ved Nationalmuseet i København og av norske pengesetlar i Norges Bank. Museet har vidare samlingar av dansk og svensk mynt frå alle periodar og av tyske og angelsaksiske vikingtidsmyntar. Samlinga av 20 000 antikke greske og romerske myntar er i praksis den einaste representative antikkksamlinga i Norge (frå perioden frå 650 fvt. til 400, og frå alle område av den gresk-romerske verda). Samlinga inneheld viktige myntar frå antikkens Hellas, Romerriket, Bysants, europeisk mellomalder, nyare og moderne tid. Museet har ei stor samling myntar frå Europas største skattefunn – Rundeskatten frå Nordmøre (funnen i 1972–73).

Samlinga av norske myntar utgjer eit svært viktig kjedemateriale for studiar av norsk vikingtid og mellomalder. Totalt sett omfattar skattefunn, kyrkjefunn, gravfunn og enkeltfunn over 40 000 myntar frå Lindesnes i sør til Finnmark i nord. Hovudparten av den samlingsrelaterte forskinga er knytt til desse delane av samlingane, samt til den stadig aukande funnmengda frå metallsøkarar.

Samlinga av medaljar og ordenar er på høvesvis 22 000 medaljar og 3 500 ordenar. Samlinga er unik i nasjonal og internasjonal samanheng, og har eit stort fagleg og formidlingsmessig potensial.

Medaljesamlinga omfattar alle hovudtypar medaljar, m.a. romerske gullmedaljongar (100-400 e.Kr.), gullbrakteatar frå folkevandringstida (400-570 e.Kr.) og italienske renessansemedaljar. Samlinga av nordeuropeiske renessansemedaljar er større og meir representativ, og syner godt den estetiske og

tekniske utviklinga frem til medaljeproduksjon blei etablert i Norge på 1600-tallet. Norges første medalje er i stort format med Akershus festning som motiv. Den blei laga i 1648 til hyllinga av Frederik III. Medaljen er unik, og kan reknast for å vere eit nasjonalt ikon.

For nyare og moderne tid er medaljane systematisert i historiske medaljar, personmedaljar, belønningsmedaljar og kunstmedaljar. Samlinga av historiske medaljar inneheld ikkje minst medaljar knytt hendingar i dansk-norsk og norsk historie. (Eitt av ikona her er sydpolmedaljen i gull – ein må ha oppdaga Sydpolen for å få den). Personmedaljane kan ha blitt kommisjonert både av privatpersonar og institusjonar. Fleire tusen politikarar, kunstnarar, vitskapsmenn m.fl. er representert på medaljar i museets samling. Belønningsmedaljar er medaljar som blir gitt av nasjonar, kongehus eller institusjonar som markering og påskjøning for særskilte prestasjonar: Krigsdekorasjonar, medaljar for borgardåd, Kongens fortенestmedalje, prismedaljar innan kunst og vitskap og OL-medaljar er noen typar belønningsmedaljar. Fridtjof Nansens fredsprismedalje frå 1922 høyrer t.d. under denne gruppa av medaljar. Kunstmedaljar er ofte produsert på kunstnarens eige initiativ. Frå andre halvdel av det 20. hundreåret og framover har kunstmedaljane blitt ein variert og populær sjanger. Museets samling av kunstmedaljar er ikkje så stor. Det har ikkje vore økonomi for systematisk innkjøp av slik kunst.

Samlinga av ordenar og æresteikn er betydeleg i internasjonal samanheng. Samlinga inneheld objekt frå fyrstelege ridderordenar i Europa, blant dei den danske Elefantordenen frå 1457 og den svenske Serafimerordenen frå 1748. Den norske løve ble stiftet i 1904 etter europeiske forbilete.

Samlinga inneheld også ulike fortенesteordenar. Etter revolusjonsåra i Europa blei det stifta nye fortенesteordenar. Dei var mindre knytt til fyrste- og kongehus, og fekk meir karakter av borgarbelønning. Napoleon innførte Æreslegionen i 1802, Danmark Dannebrogordenen i ny utgåve i 1808 og Norge St. Olavs Orden i 1847. Ordenar er interessante kjelder til konstitusjonelle tilhøve i Europa, alliansar mellom kongehus, diplomatiske band og enkeltpersonars bragder.